

[sfvlpst@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpst@statsforvalteren.no)

Førde, 19.09.2022

Dette brevet er sendt på vegne av sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet Sogn og Fjordane.

# Fråsegn til utfylling i sjø for landvinning på Engebø

Saksnr. 2022/11351

## Bakgrunn

Nordic Rutile AS søker Statsforvalteren i Vestland om løyve etter forureiningslova for utfylling i sjø for landvinning og infrastruktur på Engebø i Sunnfjord kommune. Det søkjast om utfylling av ca. 30 000 m<sup>3</sup> sprengstein i sjø, over eit areal på ca. 6 000m<sup>2</sup> ved gnr/bnr. 431/3, 431/6, og 431/10. Dette for å etablere industriareal i samsvar med reguleringsplan for området, «detaljregulering for utvinning av rutil i Engebøfjellet».

Området er i reguleringsplanen beskrive som "industri, lager og samferdselsområde".

Det er kommunen som har kravd dette industriområdet:

*"Nordic Rutile har fått krav om å fylle ut området i bukta slik at det nyttast til å fasilitere aktivitetar knytt til å auke utnyttinga av Engebøfjørekomsten. Området vil være tilgjengeleg for Nordic Rutile, men også for eksterne foretak som ynskjer å bruke for eksempel gråberg eller avgangsmasser som eit råstoff."*

## Innspel

FNF Sogn og Fjordane ynskjer først å takke for moglegheita til å komme med fråsegn til saka. Det set vi stor pris på.

Området der det søkjast om utfylling i sjø ligg like ved der sjødeponiet skal leggjast i fjorden. Vi stiller oss svært negative til at Nordic Rutile AS har planer om å fylle ut meir forureina masser i sjø i eit allereie svært pressa område. Vi meiner at denne søknaden bør sjåast i samanheng med dei andre inngrepa som er planlagd i området og ynskjer at Statsforvaltaren i Vestland ikkje godkjenner meir utfylling av forureina masser i Førdefjorden.



På generelt grunnlag er dumping og utfylling i sjø i utgangspunktet forbode<sup>1</sup>. Dette fordi «sedimenter i seg sjølve kan føre til negative konsekvensar for miljøet ved at organismar i sjøen, inkludert fisken, slammast ned». Er massane i tillegg forureina, vil dei forårsake ytterlegare skade på livet i sjøen. Forureina partiklar blir tatt opp og akkumulerer i næringskjedene. Dette kan få konsekvensar for fiske.

Nordic Rutile AS argumenterer for utfylling i sjø slik: *“Dersom utfylling i sjø, av ulike grunnar, ikkje blir gjort fortløpande vil ein måtte transportere massar ut av området, mellomagre dei og seinare køyre dei tilbake for utfylling for å oppfylle krava i reguleringsplanen. Dette vil ha uheldige konsekvensar for ressursutnytting og miljø. I tillegg vil den ekstra køyringa medføre ein ekstra slitasje på FV611 som går mellom Engebøneset og aktuell stad for eit mellomlager.”*

Det er vanskeleg for FNF Sfj å sjå at å transportere og oppbevare massane på land vil ha større uheldige konsekvensar for miljøet enn å slamme ned meir sjø i Førdefjorden med masser som kan innehalde både tungmetall, NH<sub>4</sub><sup>+</sup>, NO<sub>3</sub><sup>-</sup> og plastpartiklar frå sprenging. Alt innanfor det Nordic Mining beskriv som maksverdiar og inert materiale, men det er ikkje beskrive noko om moglegheitene for akkumulasjon.

## Utilstrekkeleg om naturverdiar

Økologien er kartlagt ved fleire lokasjonar i området som det er søkt om utfylling og det er gjort grunnundersøkingar. FNF stiller seg kritiske til at desse undersøkingane er tilstrekkelege for det føremålet som NM har med denne søknaden om permanent utfylling. Kartlegging av mobile artar må bli gjort på ulike tidspunkt og over lengre tid, for å få eit godt overblikk på tilstedeværelse og tilstand. Grunne områder fra littoralsonen og ned til ca. 10 m dyp er viktige oppvekstområder for marin fisk, inkludert torsk<sup>2</sup>. Fjorden det fyllast ut i, er også nasjonal laksefjord. Dette er naturverdiar som er av stor betydning i området og som ein burde ta høgde for kvar gong ein får søknad om å bygge ut strandsona og fyller ut i fjorden. FNF Sfj ber om at det blir gjort betre kartleggingar og konsekvensutredningar for artsmangfaldet i fjæra, grunn sjø og djup sjø som vil kunne bli påverka av utfyllinga.

## Ingen plan for bruk av området

Nordic Rutil skriv i sin søknad at det er kommunen som har krevd dei å byggje ut. Og at området skal vere tilgjengeleg for dei som ynskjer å «*bruke for eksempel gråberg eller avgangsmasser som eit råstoff*». Det er likevel ingen hittil som har kome med nokon konkrete planar om å endre eller effektivisere utnyttingsgraden av ressursen frå gruva, og då heller ikkje for området det søkjast om å bygge ut. FNF Sogn og Fjordane stiller spørsmål ved relevansen i at nok eit område industri skal oppførast og sjø utfyllast på tross av forbod, utan konkrete planar for bruk av anlegget og nødvendigheita med utfylling i sjø. **1**

## Konklusjon:

Eit slikt inngrep kan sjå lite ut ved sidan av det svære sjødeponiet som er planlagt i fjorden utanfor det området som denne søknaden gjeld, men vi ser også at om vi ikkje tar inn over oss at det er mange faktorar som blir påverka og mykje bit-for-bit inngrep som skjer i Vevring no som vil påverke økologien i Førdefjorden, i ein nasjonal laksefjord, så vil vi ende opp med eit fattigare naturmiljø. Det

vil vere nok eit tiltak som vil gje dårlegare økologisk tilstand i fjorden, som igjen vil gje dårlegare buforhold for dei som bur langs- og fiskar i fjorden og dårlegare utsikter for rikt reiseliv og friluftslivet langs fjorden.

Derfor ynskjer vi at Statsforvalteren ser denne utfyllinga i samanheng med dei andre inngrepa som blir gjort i Vevring kring utbygging av mineralindustri og stoppe unødige utbyggingar der dei kan stoppast. Vi vil gjenta at det er ingen som har gjort konkret krav på dette område og det må bli slutt på å bygge ut før ein har konkrete planar for utnytting og bruk. Ein må bruke føre-var-prinsippet og vere restriktive i naturinngrep.

*FNF Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum for natur- og frilufsorganisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og frilufsinteressene i fylket. Per i dag er det 12 organisasjonar tilslutta FNF Sogn og Fjordane. Organisasjonane representerer rundt 19.000 medlem i fylket.*

Kjelder

1 - <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/vann-hav-og-kyst/mudre-dumpe-utfylling/>

2 - <https://www.hi.no/resources/publikasjoner/2021-19-00297-7-Innspill-til-planlagt-overvakning-i-Fordefjorden-Rapport-05102021-sendt.pdf>

Venleg helsing

**Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane**

*Ket Fossen*

---

Ket Fossen  
Koordinator  
FNF Sogn og Fjordane